

**Arkiv:** <arkivID><jplD> FA-U01, FE-233  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 14.06.2021

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval                               | Møtedato   |
|---------|-------------------------------------|------------|
| 069/21  | Utval for næringsutvikling og drift | 22.06.2021 |

## Søknad til Næringsfondet 2021. Emily Rose Oakley - Utstyr til behandlingsrom for beautybehandlinger

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet *Utstyr til behandlingsrom for beautybehandlinger* blir ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

### Utval for næringsutvikling og drift 22.06.2021:

#### Handsaming:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

#### ND- 069/21 Vedtak:

Prosjektet *Utstyr til behandlingsrom for beautybehandlinger* blir ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

#### Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift.

#### Bakgrunn

Emily Rose Oakley er eit einpersonsforetak. Bransje: 96.020 Frisering og annen skjønnhetspleie. Registrert 16.09.2020. Kjelde: proff.no.

#### Saksopplysningar:

Søklar opplyser at ho skal flytte i nytt husvære med eit eige behandlingsrom til verksemda si. Ho har på søknadstidspunktet 25 faste kundar og er i ein vekstfase. Ho opplyser vidare at ho er ei av få som driv med denne type behandling i Alver. Instagram er det mest brukte verktøyet til verksemda, med 1061 følgjarar.

#### Om prosjektet

Det er søkt om midlar til behandlingsbenk, spesiallampe, kundesofa, jobbmobil, gardiner, smittevernsmidlar og midlar til promotering.

#### Prosjektleveranse/Målsetting

Utstyr til behandlingsrom for å kunne utvide drifta i eigna lokale.

#### Prosjektøkonomi.

| Prosjektnamn                         | Pr. kostnad | Søknadssum | Framlegg |
|--------------------------------------|-------------|------------|----------|
| Innkjøp av utstyr til behandlingsrom | 31 500      | 31 500     | 0        |

#### Vurdering

Søknadar til næringsfondet i Alver blir vurdert ut frå føremål og målsettingar i vedtektene. Det blir gjort ei

heilskapleg skjønsvurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til vekst, innovasjon og auka sysselsetting i kommunen. I tillegg blir det lagt vekt på at det er avgrensa med midlar i fondet.

Søknad om støtte til utstyr til behandlingsrom får ikkje tildelt økonomisk støtte frå næringsfondet. Denne avgjerda er gjort ut frå ei totalvurdering av prosjektet.

**Vedlegg i saken:**

15.06.2021      21\_Emily Rose Oakley\_soknad-2021-0007\_\_22 mar 2021      1574526